

Fritidserklæring Ullensvang

Partane anerkjenner retten barn og unge har til kvile og fritid, og til å delta i leik og aktivitetar på fritida som passer for alderen.

Me skal fremja retten barn og unge har til å delta i leik og fritidsaktivitetar og oppmuntra tilgangen til eigna kulturelle, kunstnariske, reaksjons- og fritidsaktivitetar til barn og unge.

Alle barn og unge i Ullensvang skal ha høve til å delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre.

For å realisera fritidserklæringa for Ullensvang er partane einige om at:


- fritidsaktivitetar i Ullensvang er tilgjengeleg for alle barn og unge slik at dei kan delta i fellesskap som gjev tilhøyrse, meistring og glede.
- barn og unge skal involverast og ha høve til å påverka fritidstilboda i kommunen slik at alle har moglegheit til å velja fritidsaktivitetar som passar deira alder, interesse og dugleik.

Partane skal:

- samarbeide om tiltak som kan sikre at alle barn og unge får moglegheit til å delta i minst ein fritidsaktivitet uavhengig av funksjonsevne.
- samarbeide om tiltak som fremmer barn og unge sin deltaking i fritidsaktivitetar, som til dømes transport, utlån av utstyr, o.l.

Ullensvang kommune forplikter seg til å:

- forankre arbeidet med å leggja til rette for at alle barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar uavhengig av familien sin sosiale eller økonomiske situasjon i kommunen sine planar.



Ullensvang kommune

- inkludera Ungdomsrådet i saker som handler om fritidstilbodet til barn og unge.
- ha ein heilskapleg frivilligheits- og fritidspolitikk gjennom ein frivillig- og samspelsstrategi.
- leggja til rette for at barne- og ungdomsorganisasjonane har høve til å låne lokaler for å gjennomføra aktiviteten sin.
- lage til ei tilskotsordning, Fritidskassen, som skal vera ein enkel og ubyråkratisk ordning for å gje støtte til kontingent, reiseutgifter, utstyr eller andre kostnader for enkeltbarn si deltaking i organiserte fritidsaktivitetar.
- leggja til rette for at lag og organisasjonar kan informera om tilboda sine til barn og unge på iullensvang.org.

Organisering og oppfølging

Partane som har signert fritidserklæringa har ansvar for å utforma forslag til retning for arbeidet og vurdera statusen.

Det skal vera minst eitt møte i året.

Ullensvang kommune held sekretariat.